



Kafeen SAJA er stengt no, men opnar att til helga med langt større kapasitet!

Ryktet om at kafeen SAJA på Brekkeskallen er stengt og skal opphøra er slett ikkje rett. Tvert imot opplysar Jurgita Zemaitaitiene at ho vil utvida kapasiteten kraftig - frå 20 til 50 plassar. Ho vonar at det kan skje allereie kommande helg og legg til at menyen ikkje vert endra.

- Vi tek bort ein vegg og gjer kafeen vesentleg større, seier Jurgita som ser med optimisme på framtida som kafevert sjølv om ho innrømmer at det så langt ikkje har vore nokon dans på roser.

Det var for 7 månadar sidan ho opna SAJA som er oppkalla etter forbokstavane til dei 4 i familien. Mannen Arunas Zemaitaitis står også bak kafeen og ideen om prosjektet vart aktuelt då familien kjøpte huset for 3 år sidan. Ingen av dei har vore i bransjen tidlegare men er som andre frå Litauen som har flytta til distriktet fulle av pågangsmot og evne til å tilpassa seg ein ny verkelegheit-

Matbygda Uskedalen held med dette stand sjølv om vogna med thaimat har vinterstengt. Elin med matgledene gjer det godt og det gjer også tysdagskafeen Tlaren som i dag igjen hadde godt besøk med 42 gjestar. Snittet har lege på rundt 40 dei siste vekene og dei flinke dugnadsdamene plar selja for vel 1000 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen